

Dato: 23.01.2014

Til stades:	Margot Bertheussen Kåre Ystanes Ingeborg Borgen Takle		
Forfall:			
Emne:	Referat Fylkeseldrerådet - arbeidsutval 17.01.2014	Sak:	2014/557-9
Møtetid:	11.00-15.30	Møtestad:	Fylkesutvalssalen, Fylkeshuset

Sak 1/14 Regional folkehelseplan – høyringsuttale

Regional folkehelseplan vart lagt ut på høyring med frist til den 3. januar. Fylkeseldrerådet fekk utsett fristen til 17. januar og sendte ut eit utkast på høyring blant rådsmedlemane. AU fekk tilsendt innspel frå eit rådsmedlem.

AVGJERD

Ein uttale vart skriven på AU-møtet 17. januar og vidaresendt til regionalavdelinga same dag. Uttala vert lagt fram som melding på neste rådsmøte.

Sak 2/14 Trafikksikringsplan – høyringsuttale

Trafikksikringsplanen vart lagt ut på høyring med frist til den 20. desember. Fylkeseldrerådet fekk utsett fristen til 17. januar. AU fekk tilsendt innspel frå eit rådsmedlem.

AVGJERD

Ein uttale vart skriven på AU-møtet 17. januar og vidaresendt til samferdselsavdelinga same dag. Uttala vert lagt fram som melding på neste rådsmøte.

Sak 3/14 Budsjett 2014

Administrasjonen la fram eit utkast til budsjett 2014 for Fylkeseldrerådet. Det vart lagt fram med 22 000 kr i minus. Målet med budsjettet er å ha ein oversikt over kva ein brukar midlane på og vere sikker på at ein har moglegheit til å reise til studietur til Island.

AVGJERD

AU vedtok eit budsjett for 2014 med eit resultat på kr 0. Budsjett 2014 for Fylkeseldrerådet vert lagt fram som melding på neste rådsmøte.

Sak 4/14 Årsmelding 2013

Fylkeseldrerådet må kvart år leggje fram ein årsmelding for fylkestinget i Hordaland. AU har arbeida fram eit endeleg utkast til årsmelding for 2013.

AVGJERD

Årsmeldinga vert lagt fram som sak på neste rådsmøte.

Sak 5/14 Mandat for Fylkeseldrerådet

Eit mandat for Fylkeseldrerådet har vore under arbeid i løpet av hausten. Det vart lagt fram for rådet over bordet på førre rådsmøte og det vart bestemt at saka skulle kome opp igjen på neste rådsmøte. På førre AU-møte kom AU med nokre endringsforslag til mandatet.

AVGJERD

AU ønskjer at sakshandsamar på saka vert informert om dei endringane rådet ønskjer, samt at vedkommande stillar på neste rådsmøte under denne saka. Mandat for Fylkeseldrerådet vert tatt opp som sak på neste rådsmøte.

Sak 6/14 Studietur til Island

Fylkeseldrerådet har fått tilbod om å reise på studietur til Island saman med fylkeseldreråda i Rogaland og Sogn og Fjordane. Turen vil erstatte det årlege Vestlandsseminaret. Kontakt har vore heldt mellom leiarane i råda, med Sogn og Fjordane som «vert». Tidspunkt vert lagt til 5.-8. mai 2014 og ein søknad er sendt til fylkesordførar om å få reise. Program kjem så snart som mogleg. Fylkeseldrerådet i Hordaland må melde i frå kor mange som deltek etter neste rådsmøte.

AVGJERD

AU har bedt om å få eit handfast program for turen til rådsmøtet 6. februar. Saka vert tatt opp som sak på neste rådsmøte.

Sak 7/14 Saksliste til neste rådsmøte

AU gjekk igjennom aktuelle sakar til neste rådsmøte 6. februar.

AVGJERD:

Orienteringar:

- Tannhelse kl 12:30. Tannhelse ønskjer å høyre kva Fylkeseldrerådet meiner dei bør fokusere på i året som kjem.

Sakar:

- Mandat, med sakshandsamar kl 10:15
- Årsmelding
- Studietur til Island

Meldingar:

- Budsjett 2014
- Referat frå AU-møtet
- Regional folkehelseplan – høyringsuttale
- Trafikksikringsplan – høyringsuttale

Med helsing

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar